

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

NR. 2-3 – OKTOBER 2007

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

s. 2 – Nytt frå Venelaget!

s. 4 – Intervju med medlem: Stefan Andreas Sture

s. 9 – Den andre mannen: Ny film om Olav H. Hauge

s. 15 – Presentasjon av Olav Sletto-selskapet

s. 20 – 'Olav H. Hauge og Geirr Tveitt', av Johannes P. Bleie

s. 23 – Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

s. 24 – Styret og adresser



Olav H. Hauge

NYTT FRÅ VENELAGET!

Det finst verre ting enn å driva venelag for Olav H. Hauge for tida. Sidan Ulvik Poesifestival gjekk av stabelen i september 2006, har det kome mange gode nyhende for oss som arbeider for å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting. Den 5. september gjorde Ulvik heradsstyre eit samrøystes vedtak om at det skal etablerast eit "Dokumentasjonssenter Olav H. Hauge" i det tidlegare heradshuset i Ulvik. Arbeidet med senteret har møtt godvilje frå fylkeskultursjef og fylkeskonservator, og det har vore sterk interesse hjå eksterne finansieringskjelder. Selskapet "Hauge-Tveitt jubileet 2008" har arbeidd målretta og godt, og Kulturdepartementet har markert dette ved å løyva solide midlar til jubileet i 2008. Venelaget har vore med i arbeidet fram mot eit vedtak i heradsstyret og samstundes leia arbeidet med ekstern finansiering av senteret. Her har me møtt godvilje frå både fjern og nær. Samstundes har Venelaget auka medlemstalet frå 74 i 2006 til 210 i 2007, og me har ein aktiv medlemsskare som fortener at me i styret står på for dei.

Vedtaket om etableringa av eit dokumentasjonssenter kom ikkje i ei handvending. Oppfatningane av behovet for eit slikt senter og kva funksjon det kan ha, er fleire og delte. Me i styret for Venelaget er opptekne av at senteret ikkje skal verta nokon konkurrent til Rossvoll og det arbeidet som vert drive der med mottaking, omvising og informasjon. Dokumentasjonssenteret som er under planlegging, skal fokusera på andre sentrale arbeidsoppgåver innan litteraturforskning, arkiv-drift og nasjonal formidling. Senteret bør ha utstrekt samarbeid med sentrale formidlingsaktørar som Hardanger folkemuseum, Ivar Aasen-tunet, Universitetet i Bergen og NRK. Venelaget vonar at dokumentasjonssenteret og Rossvoll kan utfylla kvarandre, og slik styrkja den nasjonale formidlinga av Olav H. Hauge si dikting og auka interessa for den litterære og kulturelle arven etter han.

I førre hefte lova me at neste nummer skulle kome ut i juni. Arbeidet for dokumentasjonssenteret, og utsetjing av endeleg avgjerd i saka rett før heftet skulle gå i trykken, gjorde at me stogga utsendinga av det planlagde nummeret. Me ber om orsaking for dette, men ynskte ikkje då å koma med meir informasjon enn me hadde dekning for. Her sender me derimot ut eit dobbeltnummer i staden, og vonar det gjer bot på skaden.

Samstundes planlegg me no årets siste nummer, som kjem i desember like føre jol. Her ynskjer me at medlemmane våre skal vera største bidragsytaren, og inviterer med dette til bidrag av ymse slag. Er det noko du vil fortelja? Har du idear til kva Venelaget skal gjera i jubileumsåret? Har du ein kort artikkel du vil ha på trykk? No har du sjansen!

Bidrag og innspel kan du senda oss i brev, på postkort eller på e-post. Adresser finn du på siste sida i kvart hefte me sender ut. Me minner samstundes om internettsidene våre. Desse finn du på adressa: www.venelagethauge.no. Du finn og ei lenkje til gjesteboka vår der alle kan skriva det dei ynskjer. Det er fleire som har skrive allereie.

Med bakgrunn i vedtaket om etablering av dokumentasjonssenteret, inviterer Venelaget samstundes til ope medlemsmøte på heradshuset i Ulvik, søndag 18. november kl. 14.00. Sjå meir om dette i vedlagde skriv.

INTERVJU MED MEDLEM: STEFAN ANDREAS STURE

Stefan Andreas Sture er ein ivrig og aktiv lyrikkformidlar, med base i Sarpsborg. Han kallar seg, halvt på spøk, for ein ”geriljakriger for poesien” og veit å boltra seg i ymse medium og gjennom ulike kulturelle uttrykk. Sidan 2003 har han saman med Frederik Bjørnstad og etter kvart Arnt Martin Brynildsen arbeid med prosjektet Hardcore Poesi. Er me riktig heldige, får me oppleva dei på Poesifestivalen i Ulvik i 2008.

- 1. Du er svært aktiv innafor ulike område, og arbeider mellom anna som skribent, spaltist og litteraturkritikar. I kva grad føler du at Olav H. Hauge si dikting og Hauge sitt "ord" er med deg i tankane og i prosjekta dine?*

Ja, dette er et litt vanskelig spørsmål å svare på. Hauge sine ord, eller rettere, dikt – er jo direkte med i noen av mine prosjekt, ved at de handler om Olav H. Hauge sin diktning. Jeg tenker da først og fremst på slike ting som foredraget "Eg vil syngja um tornane og roti", som jeg har holdt rundt et halvt dusin ganger, eller mer, i perioden 2001 til 2005. Anslagsvis har noe sånt som fire hundre mennesker hørt foredraget til nå. Det har også vært publisert i en kortversjon i tidsskriftet Norsklæreren (nr. 2, 2003). Både dette, og annet jeg har skrevet om Hauge, vurderer jeg å samle i bokform og gi ut på mitt eget forlag, Sture Forlag (www.stefansture.no), i nær framtid. Jeg er midt i arbeidet med Sture Forlags første utgivelse i disse dager, et utvalg av mine spalter i lokalavisa SarpsborgAvisa. Den skal lanseres nå i oktober. Men dikta til Hauge er selvsagt også med meg, i tankene, både i mitt profesjonelle virke og som privatperson. Blant annet så leste jeg "Det er den draumen" i faren min sin gravferd og "Svevn" i mitt eget bryllup – jeg har også lest Hauge ved andre private anledninger. Dikta til Hauge har svært ofte fungert som springbrett for tanken.

Dessuten er det en annen side, nemlig at det har vært formende for min litterære smak. Ikke bare det at jeg er særlig opptatt av lyrikk, men og for hva jeg finner godt av lyrikk. Hauge er et målemerke. Å jobbe nært og intenst med Hauge sin diktning, har gjort meg dypt og inderlig opptatt av lyrikk. Det er på mange måter styrende for hva jeg velger å gjøre i min skribentvirksomhet. Jeg ønsker å bidra til at lyrikken får en større plass i undervisningen, på alle nivå, i aviser og tidsskrift – og at den skal nå ut til plasser den ikke vanligvis når. Derfor skriver jeg, blant annet, en serie om norske lyrikere for Norsk læreren, derfor finnes Hardcore Poesi og derfor forsøker jeg i så stor grad jeg makter, å få omtalt nye diktutgivelser i lokalpressen. Jeg passer selvsagt på å få inn noen programposter med lyrikk, når jeg nå sitter i komiteen for litteraturuka i Sarpsborg 2007 som skal avholdes i uke 46. Jeg kaller meg, halvt på spøk, for en geriljakriger for poesien.

2. *"Hardcore Poesi": Kan du seia litt om tankane de har bak dette prosjektet?*

Før jeg sier noe om tankene bak, så bør jeg kanskje forklare hva Hardcore Poesi er. Vi er tre personer, Frederik Bjørnstad, Arnt Martin Brynildsen og undertegnede, som framfører lyrikk til musikk. Stort sett konsentrerer vi oss om norsk samtidslyrikk, men vi beveger oss fritt både historisk og geografisk, etter behov og lyst. Musikken har også et stort spenn, fra svenske viser til punk, via jazz, Kurt Weill og barnesanger – og mer til. Utgangspunktet er alltid lyrikken, vi er alle tre ivrige lyrikklesere og bidrar alle med forslag og ideer til hvilke tekster vi skal bruke. De andre to er skolerte musikere og multiinstrumentalister, så det er åpent for mange forskjellige musikalske uttrykk. Vi har alle tre en del felles musikksmak, men vi kommer fra litt forskjellige miljøer og har derfor hørt mye forskjellig musikk også. Så når vi assosierer rundt musikalske ideer til diktene, kan det dukke opp mange forskjellige og til dels motstridende forslag.

Men målet er alltid å finne noe som jobber sammen med diktet og ikke tar fokuset bort fra ordene. Tankene bak prosjektet er i hvert fall todelt, først og fremst handler det om å gjøre noe vi selv synes er givende og gøy. Musikerne i Hardcore Poesi spiller også i forskjellige band og holder på med mange andre musikalske prosjekter. Så det dreier seg om et overskuddsprosjekt, dette med Hardcore Poesi. Nå sier vel også slagordet vårt, Poesi er ikke for pingler!, litt om hva vi ønsker å oppnå. Vi vil ta diktet med til de som vanligvis ikke møter det i sin hverdag. Hardcore er vi fordi vi er kompromissløse på vegne av diktet, vi velger ikke sviker – selv om hvor kjent eller kanonisert en forfatter eller et dikt er, ikke stopper oss fra å ta det med. Men vi velger fordi det er dikt vi selv har et forhold til. Så lenge vi tror på det vi gjør, når det også fram til publikum.

3. *Du publiserer i ulike tidsskrift, aviser og blad. Er dette ein bevisst strategi i dine tankar om formidling, og går det grenser for kvar du føler du kan utfalde prosjektet ditt?*

Nei, det er vel ingen begrensninger, i hvert fall ikke som jeg setter for meg selv. På en måte er det en bevisst strategi for å nå ut mest mulig med prosjektet mitt, som grovt sagt handler om lyrikkformidling. Det er et poeng å presentere lyrikk på uvante steder. For det finnes mye skrevet om lyrikk for oss som vet hvor vi skal lete, for oss allerede innvidde. Men ved å melde så mange nye diktbøker som jeg føler forsvarlig i en gratisavis i Sarpsborg, så klarer jeg kanskje å gjøre en og annen person oppmerksom på bøker de ikke vanligvis hadde fått vite om. På den annen side, så handler det jo også om å ha en viss inntekt på skribentarbeidet. Jeg publiserer der de tar imot det jeg har skrevet. Så grensene blir satt av andre som vurderer om stoffet passer inn, og om de er villige til å betale for det.

4. *Kulturelle ytringar i Noreg er i stor grad å finna saman med populariseringar av kulturstoff, og det er få fora der generell kulturkritikk som form er reindyrka. Mange aviser integrerer kulturkritikken sin med det ein kan kalla tabloid kulturformidling (mellom anna kjendisstoff). Ser du behovet for fleire reindyrka kulturkritiske publikasjonar, uavhengig av fagleg nisje (idehistoriske tidsskrift, filosofiske tidsskrift, politiske magasin og andre)?*

Ja, jeg ser et slikt behov. Kanskje mest fordi vi trenger en langsom kritikk og rom for langsomme reaksjoner. I dagspressen skal jo gjerne bøker omtales før de havner i butikkene, det kan være vel og bra, men det kan ofte da bli redusert til raske smaksdommer. Jeg vet jeg kaster stein i glasshus nå, jeg er jo også med på dette og synes det kan være stor stas å være blant de første som melder en bok. Dessuten er det jo det tabloide som når ut til folk, og som jeg selv er en regelmessig leser av. Så jeg synes det er greit å blande kjendisstoff med mer seriøs kulturkritikk. Ja, takk, begge deler. Faren med nisjeskrift er at den blir smal og vanskelig tilgjengelig, ikke bare i innhold, men også vanskelig å få tak i. Narvesen fører langt fra alt. Alt i alt handler det vel om formidling og å nå fram til mennesker som har interesse for stoffet. Det må jo være en bredde i mulighetene for å ytre seg kulturkritisk som er målet. At de store dagsavisene skal forandre seg, er vanskelig å tro og kanskje ikke ønskelig heller?

5. *Det er no vedteke at det vert etablert eit Dokumentasjonssenter Olav H. Hauge i Ulvik, heimbygda til Hauge. Kva funksjon meiner du at eit slikt senter kan og bør ha?*

Det er flott! Det må selvsagt dokumenteres. Her bør det aller meste som er skrevet om Hauge være tilgjengelig, det må være et naturlig sted å oppsøke for alle som forsker på Olav H. Hauge. Å gjøre håndskrifter, alternative dikt og

uutgitte dikt, tilgjengelige for forskning er et viktig bidrag. Det er viktig å forvalte et så godt og unikt forfatterskap på en god og verdig måte. Hauges diktning er viktig for mange og har potensial for å nå ut til mange flere framover, fordi den er så slitesterk. Men den må ikke skusles med og gjøres til turistsuvenirer.

6. *Er poesi ei kulturradikal ytringsform i Noreg i dag? I så fall, korleis?*

Enkelt sagt, ja. Mitt neste svar er et sitat av den danske lyrikeren Michael Strunge: "Derfor er god poesi alltid politisk, fordi det i sig selv er politisk at beskrive noget, som ikke eksisterer offisielt, i offentligheten, på arbeidsplassen, i aviser, og som politikere overhovedet ikke beskæftiger sig med."

DEN ANDRE MANNEN: NY FILM OM OLAV H. HAUGE

Vigdis Nielsen vaks opp i Ulvik, er no busett i Stavanger, og har fleire filmproduksjonar bak seg. Samstundes med arbeidet med fleire produksjonar om ungdom, realiserer Vigdis no draumen om å laga ein dokumentar om Olav H. Hauge – eit prosjekt som både utfordrar og inspirerer henne. Det ferdige resultat får me sjå på Poesifestivalen i Ulvik i 2008.

1. Korleis går det med arbeidet ditt? Kva er gjort så langt, og kva står att??

Idéen om å laga film om Olav H. har eg bore med meg lenge. Men først dei siste åra har eg følt at tida var inne. Eg starta faktisk prosessen før eg visste om 100 års jubileet, men det er jo eit godt samantreff.

I 2005 fekk eg arbeidsstipend fra Statens Kunstnarstipend for å gjera research til filmen. Eg har lese dagbøkene frå perm til perm, lese dikt, biografi og mange andre bøker og artiklar som er skrive om han og poesien hans. Og eg har prata med mange, folk som hugsar han og folk som kjende han. Dei siste åra har eg vore lange periodar i Ulvik.

Etter i ein lang periode å ha utvikla prosjektet åleine, samarbeider eg no med Flimmerfilm i Bergen om produksjonen. Flimmerfilm er eit ungt og dynamisk produksjonsselskap som mellom anna har gjort seg bemerkta ved å vinna Gullruten for beste dokumentar og pris på filmfestivalen i Cannes og Amanda for beste kortfilm. Produsentane Johnny Holmvåg og Christer Fasmer er viktige samarbeidspartnarar i den vidare utviklinga av prosjektet. Det samme er filmfotograf Tore Vollan som har vore engasjert i prosjektet frå tidleg i utviklingsfasen.

Eg har no utvikla manus til filmen og me er i gang med opptak. Men, mykje av opptaka gjenstår. Det viktigaste framover no er å jobba hardt for å skaffa finansiering, slik at filmen kan bli ein realitet. Denne filmen må lagast, og då er

me avhengige av både offentlig og privat finansiering. Me håpar difor på velvilje når me no i næraste framtid tek kontakt med aktuelle investorar.

For å utvikla prosjektet så langt har det fått støtte frå Vestnorsk filmsenter, Norsk Filmutvikling, Olav H. Hauge stiftinga, Hauge-Tveitt jubileet, Fond for lyd og bilde og Ulvik herad.

Filmen skal bli ein fjernsynsdokumentar på 52 minutt. Me har kontakt med NRK om prosjektet, og arbeider for å få visningsavtale med dei. Me vil og gje ut filmen på DVD, og er i samtale med Samlaget om eventuelt samarbeid og distribusjon.

2. *Kva type film er du i ferd med å laga? Tidlegare filmar og/eller presentasjonar av Hauge har basert seg på lengre intervju med fagpersonar, og dei filmatiske verkemidla har vore få. Vil du bryta ut av dette mønsteret og laga noko heilt nytt om Hauge?*

Eg ynskjer å lage ein utfordrande film som kan visa poeten Olav H. Hauge og mytene om han på ein ny måte. Dette er ein historie om eit menneske som fann si kunstneriske røyst og sitt eige menneskeverd, under svært kompliserte tilhøve.

Det skal bli eit biografisk liv. Ein film der den raude tråden er Olav H. Hauge sine ord (dikt/dagbøker/filmopptak). Hans tankar og univers vil bli sett i forhold til andre som kjende han, hugsar han, og tolkar livet og poesien hans. Me møter mellom anna Bodil Cappelen, Jan Erik Vold, Jon Fosse og mange frå Ulvik.

Eg er oppteken av dramaet i livet hans, og vil bruka ulike filmatiske verkemidlar for å koma nær. Det visuelle skal opna opp for orda. Det er ein sterk og rørende historie. Flotte dikt, som appellerar til lesarar over heile verda.

Eg håper at filmen kan få fleire til å oppdaga Olav H. Hauge sine dikt. Eg trur og at historien om han kan inspirera fleire til å tru på seg sjølve og draumen i sitt liv.

Ein film om Olav H Hauge kan sjølvsagt lagast på ulike måtar. Dette blir mi tolking.

3. *Kva vekt legg du på å skildra "personen" Hauge, dvs. den han var når han ikkje var "diktar". Eller går det ikkje an å snakka om eit slikt skilje?*

Noko av det som fascinerer meg mest er alle paradoksa i livet hans. Noko som også arbeidstittelen på filmen "Den andre mannen" tyder på. Eg ynskjer å visa ulike sider av personen Olav H. Det er vel og slik at han skreiv ulike typar dikt i ulike livsfasar. Men diktar var han vel heile tida.

4. *Dikt av Hauge vert lesne høgt og nytta i talar, og lyrikken hans vert diskutert "litteraturvitenskapleg" med omsyn til litterære kvalitetar. Samstundes har det vorte skrive ein biografi om Hauge som vil visa oss at livet hans fann vel så mykje stad i fiksjonen, i draumen. På kva måte kan film-mediet formidla det litterære som kvalitet, og på kva måte kan det formidla "eit liv i draum"?*

Eg er ikkje så oppteken av litteraturvitenskaplege tolkingar. Dette skal bli ein film for eit breitt publikum, ikkje berre for litteraturprofessorar.

Korleis livet til Olav H. Hauge eigentleg var, veit berre han sjølv. Men me har mange spor; dikta, dagbøkene, andre ting han skreiv og sa. Livet han levde. Det er store sprang. Frå den drøymande, kunnskapshungrige gutungen, via den sjuke ulukkelege unge mannen, til eplegartnaren, omsetjaren og den kloke mytifiserte poeten. Eg meiner filmmediet er veldig godt eigna til å følgja han på denne reisa. Men korleis kan me klara å levandegjera livet hans? Film er for meg drama og kjensler. Ved å subjektivisera, prøva å koma nær både draumar og desperasjonar. I og med at Olav er død, blir dette ei ekstra stor utfordring.

Olav H. Hauge lever i ein tidsepoke kor verda gjennomgår ei stor teknologisk utvikling. Det har vore ei utfordring å skapa ein filmisk form som både viser Olav si utvikling og knyter han konkret til den tida han levde i. Heldigvis finst det ein del arkivmaterial, både film og foto som kan brukast, men me må og skapa nye bilete.

5. *Har du endra syn på resepsjonen av Hauge si dikting under veps i arbeidet? I kva grad har du snakka med forlagsfolk, kritikarar og gamle journalistar?*

Eg ser sjølvsagt fleire nyansar i dikta etter kvart som eg lærer meir om livet hans, men i møte med dikta er det for meg mine eigne referansar som er dei viktigaste. Men arbeidet med filmen har gitt meg eit større spekter av Haugefavorittar, og eg har oppdaga dikt no som eg ikkje har lagt merke til før.

Det blir mange dikt i filmen, men kanskje ikkje dei alle forventar. Dikt på film er komplisert. Eg har erfart at me må velja dikta ikkje berre ut frå dei litterære kvalitetane, men også gjennom ein slags filmisk nerve.

Sjølvsagt om mitt utgangspunkt ikkje er det litteraturvitskaplege, har eg sjølvsagt lese mykje av det som er skriven om Olav H. Men film og forskning er svært ulike formidlingskanalar. Eg ynskjer ikkje å formidla teori og objektivitet, men vil at publikum skal ta del i Olav H. sitt liv. Eg vil fortelja historia frå hans synsvinkel, og setja ho i relieff til det andre opplevde; bygdefolk, forfattarvener og dei få kvinnene i livet hans. Som sagt dette blir min film, andre ville sikkert gjort det på andre måtar.

6. *Kva syn har du på dokumentarfilm? Føler du deg i slekt med ein viss, eller gjerne fleire tradisjonar?*

Under manusarbeidet leika eg meg med tanken på å laga ein fiksjonsfilm om Olav H. Hauge. Det kunne faktisk blitt veldig spennande, reine Hollywoodfilmen.

Men eg følte at det ikkje var rett her. I arbeidet med Olav H. Hauge opplever eg igjen at røynda er sterkare enn fiksjonen. Sjølv om Olav H. er død, finst det heldigvis enno mange som kjende og hugsar han. Dessverre er to av dei eldre personane som eg har filma, allereie døde, men det viser at det er på tide at denne filmen blir laga. Dokumentarfilmen tillet meg å nyansera historien. Her er mange bitar som skal på plass.

7. *Du har arbeidd mykje med unge folk i dei tidlegare filmene dine. No har du laga film om ein som ikkje berre vart gamal, men som ikkje lever lenger. Kva kan du seia om denne utfordringa?*

Eg har dei siste åra jobba mykje med både fiksjon og dokumentar med ungdom. I kortfilmen Stikk som eg regisserte i vinter, handlar det om mobbing og korleis å hevda seg overfor gruppa i eit lite skulemiljø.

I dokumentarserien High Hopes som eg også arbeider med for tida, er temaet ungdom som har ein draum og eit talent, som dei vel eller ikkje vel å fylgja. Eg føler vel at nokre av dei menneskelege mekanismane ikkje er så ulike når det gjeld filmen om Olav H. Hauge.

For ein filmskapar i eit dokumentarprosjekt er nysgjerrigheit det viktigaste. Ein må vera interessert i dei ein møter, for å få det beste ut av dei.

8. *Du er sjølv frå Ulvik, der Hauge sine bøker i mange år stod i alle sine bokhyller utan at så mange las han. Har du endra syn på Ulvik under vegs i arbeidet? Kva er ein "ulvikje"? Var Hauge ein "ulvikje"?*

Det er nesten tretti år sidan eg flytta frå Ulvik. For meg har det å jobba med denne filmen lært meg svært mykje nytt om bygda og ulvikingane. Og eg har ikkje minst fått tid til å vera her over tid, og har blitt kjend med folk og stader eg aldri har vore på før.

Me tenkjer vel alle at det kan ikkje alltid ha vore lett å vore Olav H. Hauge, ein outsider i det vesle bygdesamfunnet. Anten han var den svaklege gartnaren eller rik og mytifisert diktar, var det vel alltid nokon som meinte noko. Ulvikjer er vel som andre folk forskjellige...? Men eg må innrømme at synet mitt på Hauge sitt tilhøve til bygda har endra seg etter eg begynte med prosjektet.

Trur at mange er veldig stolt av bygda si, og også stolt av Olav H. Hauge. Eg har opplevd ein utruleg entusiasme rundt filmprosjektet. Dei fleste stiller opp for å hjelpa, anten det gjeld å fiksa rekvisittar, svara på spørsmål eller stilla eplehagen til disposisjon for opptak.

I eit slik prosjekt er det viktig med god inspirasjon og gode hjelparar. Vil her framheva Bodil Cappelen, Arne Skjerven, Nils Skeie, Espen Eide og Kristin Helle-Valle.

PRESENTASJON AV OLAV SLETTO-SELSKAPET

Denne gongen har me gleda av å presentera Olav Sletto-selskapet, som held til i Hol. Forfattaren Olav Sletto er kan henda særleg kjend for Per-bøkene, men han skrev mangfaldig og lyrisk om mange ulike emne. Selskapet tel i dag rundt 100 medlemmer. Det har eit aktivt styre og gjev ut årlege medlemshefte. Ei flott årbok kom ut i 2002. Arne Skogheim er leiar i selskapet og fortel her om den store diktaren frå Hol og arbeidet med ettermålet hans.

1. *Kva tid vart Olav Sletto-selskapet skipa, og kva var bakgrunnen for skipinga?*

I samarbeid med Hol kulturstyre vart det i november 2000 halde eit Sletto-seminar i Hol. Her var mellom andre Willy Dahl, Per Olav Reinton og Vidar Bergset innleiarar. Forfattaren Jul Haganæs frå Valdres gjorde framlegg om at det burde skipast eit Sletto-selskap for å arbeida vidare med å gjera diktinga til Olav Sletto meir kjend. Eg var i eigenskap av ordførar ordstyrar på seminaret og tok opp tanken frå Haganæs, kalla inn til skipingsmøte og den 3. mars 2001 vart selskapet formelt skipa. Eg vart leiar i det fyrste styret og fekk med meg Kaare Wensaas (som hadde teke initiativet til seminaret i 2000), Kåre Olav Solhjell (historikar som skriv bygdeboka for Hol), Turid Birgit Lien (representant for slektningane til Sletto) og Per Lilleslett (Sletto-ven og Sletto-kjennar frå Hovet). Laget har no om lag 100 medlemmer.

2. *To sentrale mål for selskapet er å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek, samt å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v. Korleis går dette arbeidet? I kva grad møter de kulturpolitisk velvilje?*

I tilknytning til biblioteket i Holet ligg og Hol bygdearkiv der papira etter Olav Sletto er samla. I biblioteket er det eit eige Sletto-rom, der og boksamlinga etter Sletto finst. Frå dotter til Olav Sletto, skodespelar Eva Sletto (som døydde i 2006) har biblioteket fått fleire gjenstandar etter Sletto-familien som er utstilt i Sletto-romet. Dr.philos Lars Reinton, bygdebokforfattar og Sletto-biograf, hadde gått gjennom dei etterlatne papira etter Sletto, men dei var lagra i pappøskjer og lite tilgjengelege. Styret i Sletto-selskapet har arbeidd med systematisering av papira, slik at det skal bli lettare å finna fram for folk som ynskjer å sjå nærare på dette materialet. Det er eit omfattande arbeid, men Kåre Olav Solhjell arbeider med eit katalogiseringssystem for desse papira i bygdearkivet.

Selskapet arbeider no konkret med å få utgjeve ei eller fleire lydbøker av dei fire Per-bøkene til Sletto. Bøkene er innlesne og sende på Radio Hallingdal. Radioen og innlesaren har stilt det innlesne materialet til disposisjon for selskapet. Det blir søkt kommunen om prosjektmidlar til dette arbeidet, utan at ein enno kan seia at arbeidet er finansiert. Utgjevinga av årbok for selskapet i 2002 var eit tungt økonomisk lyft som framleis set grenser for pengebruken vår.

3. *Som med delar av Olav H. Hauge sin produksjon, ser mykje av Olav Sletto sin forfattarskap ut til å ha sterke og varige pedagogiske kvalitetar. Sletto-selskapet vil òg ha meir Sletto på skulane. Kva er det å seia om desse kvalitetane?*

Det meste av den delen av Sletto sin forfattarskap som ein kan kalla heimstaddikting (Per-bøkene og fembindsverket *Søga om Røgnaldfolket*), høver godt til skulebruk, men det set store krav til dei som skal formidla stoffet. Mykje er skrive på reint holingsmål, og når sant skal seiast, er ikkje dialektbruken det som står sterkast blant ungdomane i kommunen vår for tida!

Men dei lærarane som har sett korleis til dømes Per-bøkene kan nyttast i skulen, har gjort eit godt arbeid med dramatisering av stoffet. To av medlemene

i Sletto-selskapet har laga eit opplegg om Sletto og Per-bøkene for ”Den kulturelle skulesekken”. Det manglar såleis ikkje stoff, men interessa blant lærarane for Sletto si dikting har vel ikkje så langt imponert oss!

4. *Er det nokre tema i Sletto sin forfattarskap som de meiner fortener meir merksemd?*

Dei fleste som i dag les Olav Sletto, held seg til Per-bøkene. Det er gjerne den beste tilnærminga i fyrste omgang. Men det store fembandsverket om Soga om Røgnaldfolket, soga om det store hamskiftet i bygdene her då jernbanen kom, fortener ein langt større lesarkrins.

Me har fått fleire oppmodingar om at denne romanserien må trykkjast opp att, men det er sjølv sagt noko som overstig våre økonomiske rammer. Dei store forlaga syner inga interesse, og Olaf Norlis forlag der bøkene i si tid kom ut, er no borte.

For litteraturkjenningar vil Loke-verket og Paulus-romanane framleis stå som høgdepunkt i Sletto si dikting, men eg er redd lesarkrinsen for desse bøkene stort sett vil vera ”spesielt interesserte” – utan at det gjer diktinga mindre verd!

5. *Olav H. Hauge valte poesi som uttrykksform, prøvde seg stundom på essay-formen, men gav seg aldri i kast med roman-formatet. Sletto skreiv vel stort sett spel og romanar. Var Olav Sletto svært bevisst på den forma han gav tankane sine? Vil du sei det er poetiske kvalitetar i til dømes Loke-verket hans, som kan hende grensar mot lyrikk?*

Det er ingen tvil om at Olav Sletto var ein målmeister av dei sjeldne. Det har mellom andre også Olav H. Hauge gjeve uttrykk for i minnebøkene sine. Eg kjenner fyrst og fremst att hallingmålet som det berande grunnmønsteret i det meste av Sletto si dikting. Leif Tufte seier det slik i artikkelen ”Stilkunstnaren” i

Ei bok om Olav Sletto: ”Fullt og heilt byggjer han på halling-målet, mest i rytmen og dåmen, men og i vekslande grad i ordvalet, alt ettersom det høver for emnet.” Og emnevalet er svært ulikt, frå ”den lyrisk farga religiøse høgprosaen i ei bok som *Tenaren* over til den endeframme meir dialektfarga framstillinga i *Per-bøkene* eller til blandinga av resonnerande essay-stil og lentug småprat i memoarbøkene”, seier Tufte.

Alf Larsen, som var ein nær ven av Olav Sletto, har og mykje godt å seia om den lyriske stilen til Olav Sletto. Larsen meiner at Sletto like gjerne kunne velt verset som hovudform. I Sletto-samlinga finst ei omfattande brevveksling mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Dette skal bli hovudtemaet i årsheftet som kjem våren 2008.

6. *Koplinga ”liv – verk” har vore mykje debattert dei siste åra. Det har kome større biografiar om til dømes Hamsun, Hauge og Sivle, og dei store forlaga set i verk eit voldsomt apparat for å ”forstå” både forfattere / diktere og verka. Kva kan seiast om koplinga ”liv – verk” i samband med Sletto?*

Det har ikkje enno gått slik som den svenske erkebispem Nathan Söderblom spådde om Sletto: ”Det kommer stora böcker om honom en gång!” Johan Austbø gav ut ein liten studie om Olav Sletto i 1923, Alf Larsen gav ut ein brosjyre om Røgnaldfolket i 1950-åra, men den største og grundigaste biografien vart utgjeven av Det Norske Samlaget i 1966 og var skriven av Johs. A. Dale og Lars Reinton, med artiklar av mellom andre Ragnvald Skrede, Olav Dalgard, Ola Jonsmoen og Rolv Thesen og ein omfattande bibliografi av Kaare Haukaas.

Sletto-selskapet gav ut ei årbok i 2002 med Kåre Olav Solhjell som redaktør og har ellers gjeve ut mindre årshefte kvart år sidan 2004.

For den som vil gå djupare inn i koplinga ”liv – verk” når det gjeld Olav Sletto, finst det mykje forvitneleg stoff i Hol bygdearkiv. Det berre ligg og ventar på at rette personen kjem på at dette er stoff som kan vera grunnlag for nærare studier!

7. Korleis er stoda i Sletto-selskapet om 50 år?

Her må ein nok berre vona at diktinga til Olav Sletto framleis vil vekkje interesse blant litteraturinteresserte også langt utanfor Hallingdal. Dei fleste av oss som til no har vore aktive i selskapet, kjende Sletto personleg, og arbeidet vårt har sjølvsagt vore prega av det. Eg har stor tiltru til at framtidige generasjonar som fattar interesse for Sletto si dikting, vil finna ein diktar som både i form og innhald ”står seg” også om 50 år!

'OLAV H. HAUGE OG GEIRR TVEITT'

AV JOHANNES P. BLEIE

To store kunstnarar og hardingar, Geirr Tveitt og Olav H. Hauge, har 100-års jubileum i 2008. Gjennom dagbøkene til Olav H. Hauge ser me at dei to i mange år hadde god kontakt med kvarandre.

Den første gongen Hauge nemner Tveitt i dagboka er i slutten av februar 1956. Tveitt arbeidde då for NRK og Hauge skriv: "Hardinglynd. Geirr Tveitt fortalde um folketonar i Hardanger i kringkastingi i kveld. Godt. Han var liketil og ekte. Og velsigna folkeleg. Han kom inn på lynde hjå folket her. – –"

I 1958, etter 50-års høgtidinga til Hauge finn me følgjande i dagboka: "Eit telegram tykte eg særleg mun i, helsinga ifrå Geirr Tveitt. Eg kjenner han ikkje personleg, og har aldri set honom, men eg tykte mykje mun i å få helsing ifrå den mest kjende av alle hardingar. For det er han sikkert."

I desember 1961 møttest Tveitt og Hauge for første gongen – i Ulvik. "Det var hyggjeleg å møta Geirr Tveitt, det var harding og verdsborgar." Tveitt gjorde opptak for NRK. Den smålåtne Hauge noterer at "– Eg las ikkje godt, men pratet høyrdest bra kvardagsleg ut." Det er tydeleg at dei to kunstnarane har funne tonen og Tveitt får lyrikaren til å skriva eit nylaga vers av 'Vår' frå Glør i Oska til "det nye bladet dei skal gå i gang med." I dagboka til Hauge står det: "25. april 1962. Dag og Tid kom. Ser ikkje verst ut. Mykje godt innhald. Diktet som Geirr Tveitt tinga, er kome på plass, og på fin plass på fyrste sida."

"20/9-63. Sol. Geirr Tveitt sende meg tonar til ni songar: Is-soleia, Revebjøllor, Fortrolla skog, Langeleiken, Fela, Seljefløyta, Snø, Vinternatt, Svarte krossar. –"

Måndag 4/11 spelar og syng Daniel Hydle i Ulvik songane for Hauge. "Eg skynar meg ikkje mykje på slikt, men lika tonane! Det er noko ekte og norsk yver dei! Endå han sa at dei var moderne og frie i sitt tonespråk, utan fast

toneart. Egil Nordsjø kjem til å syngja dei i kringkastingi med det fyrste, skreiv Tveitt.”

26/2–1964 kom programmet der songane vart framførde (alle med unntak av Vinternatt). ”Nordsjø song. Tveitt spela. Eg las då dikti fyrst. Eg las dårleg, eg har ikkje øving no, og eg las for sterkt. – Tonane til Tveitt var fine.”

8/9 og 9/9–1965 vitjar Hauge Geirr Tveitt i Nordheimsund og Hauge skriv fleire sider om dette møtet der Tveitt leksar opp kva han likar og mislikar. ”Når han er i godt lag, er han ein meister til å fortelja. – Tveitt veit kva han er verd. – Det var ei stor oppleving for meg å koma til Tveitt, eg skal aldri gløyma det.”

I desember 1965 noterer Hauge i dagboka ”Geirr Tveitt er ein hylar til å skriva brev, det er påfunn og utfall mot folk og fe. Som alltid er det modernismen han er galen på, og han tek meg ei fæl skrape. Eg har sagt mitt um den saki og kan alltid ta det oppatt. Men Geirr Tveitt er raust. Eg skal koma jolaftan og vera på Tveit i joli, skriv han. No vert ikkje det, men det er eit ærefullt tilbod. Og der vilde sikkert vera gildt. Men det fær vera.”

Seinare held dei to kontakt med kvarandre med brev og telefonar, og dei møtest av og til mellom anna i Oslo og i Ulvik. Mest alltid har Hauge ein kommentar til breva frå Tveitt, til dømes 17/12–1976: ” – Eg vart glad for denne helsingi.” – eller telefonsamtale med Tveitt 31/8–1980: ”Me hadde ein lang prat! –”.

1. februar 1981 døydde Geirr Tveitt, og dagen etter skriv Hauge i dagboka ”Geirr Tveitt er den eg har tykt best um av dei eg har møtt.”

I 1990 (17/12) fortel Hauge at han har lese boka til Reidar Storaas *Tonediktaren Geirr Tveitt*. ”– Minne frå dei gongene eg var saman med han, stend so skilleg for meg. Ein gong skal eg skriva det ned. –” Diverre kom ikkje Hauge seg til å skriva meir om desse møta mellom dei.

I *Tonediktaren Geirr Tveitt* av Reidar Storaas heiter det mellom anna: ”Geirr Tveitt er vel den mest sermerkte mannen eg hev møtt,” seier Olav H. Hauge. – Diktaren sjølv meiner at dette er dei beste tonesetjingane til hans dikt. I boka til

Olav H. Huges 60-års dag skriv Geirr Tveitt at han har laga haugevis av Hauge-tonar, men diktaren sjølv har berre sett (i manuskript) og høyrte dei 10 tonane Egil Nordsjø song i radio og i Teatersalen i Oslo ein gong. Truleg har dei hine songane fare med i brannen (heimen til Tveitt brann natt til 12. juli 1970). ”Det er klanger og det er fargar i Olav H. Hauge sine dikt”, skriv Tveitt. – ”Han er ein forlokkande lyrikar å setja tonar til.”

To jamlikar, to jamnaldringar, to hardingar, to kunstnarar, men og på mange måtar to motsetnadar skal feirast i 2008. På ettervinteren 2008 kjem ei ny bok på Samlaget av Reidar Storaas: *Geirr Tveitt – ein biografi*. Eit eige kapittel vil ta for seg tilhøvet mellom Geirr Tveitt og Olav H. Hauge. Me i Venelaget ser fram til denne boka og ikkje minst til eit skikkeleg festår – 2008 – for to store kunstnarar frå Hardanger!

VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medleamar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for eit år.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Poesidagane i Ulvik", annakvart år. Årsmøtet skal kunngerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbol. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.
8. Omframnt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframnt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet, laurdag 16. september 2006, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Øystein Hide, Bergen
- Nesteleiar: Ågot Gammersvik, Lillehammer
- Styremedlem: Brit Valland, Voss
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
(Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
- Styremedlem: Elin Rondestveit, Ulvik
(Venelaget sin representant i Olav H. Hauge stiftinga)

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: styret@venelagethauge.no
Adresse: Venelaget Olav H. Hauge,
v/Øystein Hide,
Løvestakklien 16, 5055 Bergen
Telefon og SMS: 98831401